

Styreårsmelding 2014

Gudbrandsdalsmusea AS har som formål å drive museumsverksemd i samsvar med selskapet sine vedtekter og andre styringsdokument.

Selskapet si selskapsadresse er i Sel kommune med fylgjande avdelingar fordelt etter kommune

- Lesja avd. 3a/Lesja bygdemuseum, marknadsansvarleg og regional arkeolog
- Dovre avd. 3b/Einbustugu, 5b/Oplandsarkivet og 9/bygningsvernrådgievar
- Vågå avd. 4/Jutulheimen, 5c-d/Oplandsarkivet og skuleformidlingsansvarleg
- Lom avd. 2a/Lom bygdamuseum, 2b/Stavkyrkjesenter, 10/Norsk Fjellmuseum og samlingsansvarleg
- Skjåk avd. 5a/Oplandsarkivet
- Sel avd. 1b/bergverksutstilling, industriregistrator og felleskontor
- Nord-Fron avd. 7/Gudbrandsdal Krigsminnesamling
- Sør-Fron avd. 1a/adm, 1d/Tusenårsstad, 5e/Oplandsarkivet, 8/Pilegrimssenter og, 11/gardsbutikk
- Ringebu avd. 6/Stavkyrkjeutstillinga

Styret hadde i 2014 5 styremøte (2013: 5) og handsama 46 saker (50). Det var ordinær generalforsamling 28. mai i Jutulheimen, Vågå og eigarmøte 31. april i Lesjamed tema magasin. Museet hadde i 2014 43 485(42 058) registrerte besøk, ein auke på 3 % (nedgang på 13 %).

Driftsresultatet for 2014 var kr - 475 053 (-279 974). Årsresultatet var kr. -324 125 (-103 491).

Bankinnskott var pr. 31.12.14 kr. (5 688 688). Selskapet har ein eigenkapital pr. 31.12.2014 på kr. 2 184 935 (2 509 060). Selskapet sitt årsresultat på kr. - 324 125 (-103 491) dekkast av annan eigenkapital.

Styret meiner at årsrekneskapen gjev eit rettvisst bilete av egedelar og gjeld, finansielle stilling og resultat for selskapet. I samsvar med rekneskapslova § 3-3 stadfestar vi at forutsetting for fortsatt drift er lagt til grunn ved utarbeiding av rekneskapen.

Det var 13 (13) fast tilsette pr. 31.12.2014, 8 menn og 5 kvinner (tilsv. i årsverk 5,1 og 5). Av desse er 8 i 100 % stilling, 3 menn og 5 kvinner. Det er ikkje sett i gang særskilte likestillings-tiltak gjennom året.




Styret har 4 menn og 3 kvinner (fyrste personleg vara hhv. 5 og 2).



Dei tilsette har ein frammøteprosent på 99,8 % (98,1). Det har ikkje vore uhell med personskade i 2014. Arbeidsmiljøet er godt. Selskapet er medlem i Gudbrandsdal Bedriftshelse-tjeneste og er IA-bedrift.




Styret kjenner ikkje til at selskapet forureinar det ytre miljø. Det er innført kjeldesortering der det er mogeleg. Det er oppfordra til samkøyring til møte og bruk av off. kommunikasjon.

Hundorp 24. februar 2015

Styret for Gudbrandsdalsmusea AS


Jan Reinert Rasmussen
Styreleiar

Grete Lilleseter

Signe T Rolstad


Berit E Meinigen

Einar Høystad


Torveig Dahl
direktør/sekr styret

Bard Hanem

Gunhild H Hansen